


Seterbruksen

Skrift frå Norsk seterkultur – Nr. 2 Oktober 2010 – 13. årgang



Norsk
Seterkultur

Neste utgåve av Seterbrukaren

skal ut i desember, med frist for stoff
20. november.

Bruk Seterbrukaren

No er setersommaren 2010 for lengst over, dyr og folk er komne heimatt og vinteren er vel i ferd med å kle seterlandskapet mange stader. Tid for å minnast og sjå attende, men også å sjå framover til ein ny sommar på setra – kanskje med forbetringar og endringar i drifta og nye idear og planar for produkt og tilbod. Seterbrukaren er til for å formidle smått og stort frå seterdrifta landet over, presentere alle dei gode eksempla på ei driftsform som bør ha tida for seg! Bruk skriftet, send oss tekst og bilete, smått og stort. Vi har ikkje ressursar til å drive stort "oppkjøkande journalistikk", så vi er avhengige av bidrag frå dykk leserane!

Styret:

Mari Søbstad Amundsen, leiar
tlf. 920 59 571
Lille Bislett 8, 0170 Oslo
marisobstad@gmail.com

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeeggen@msn.com

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal, tlf. 53 66 84 80, faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Kjell Håvard Tuv
2900 Fagernes
kjell.tuv@oystre-slidre.kommune.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbruksamvirket)

Varamedlemmer
Nanfrid Røystrand
3656 Atra, tlf 90 75 11 16
sigmund@selstali.com

Bjørn Karsten Ulberg
358 Nedre Eggdal
Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen, tlf. 62 49 71 86
post@spellmoen.no

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Jostein Sande
Førttrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.
Forsidefoto: Stig Odenrud



Gode vener!

■ No er ein fantastisk sumar i fjellet over. Når me kjem til midt i september er det buføring heim for dei fleste. Sjølv om sola kan varma godt midt på dagen og fjellet gløder i raudt og gull veit me at hausten pustar oss i nakken. Og så kan vi vakna ein morgen til kvite vider. Då er det godt å koma til bygda. Eg vert kvart år meir bergteken tå fjellet og det gode livet der, med dyra, familien –gode vener og alle turistane. Eg høyrer og opplever så mange fine ting desse sommarvekene, sommarminner som er godt å tenkja på i regntunge haustdagar og kalde vinterdagar.

■ Våren her vest var heller treg, tørr og kald så det vart sein buføring til fjells. Då eg kom til Stavali ved jonsoktid var det heilt grått og tørt. Etter den mest snøfatige vinteren i mans minne var det heller ikkje snøfennar som spreidde fuktigkeit utover. Buføringa utsette me i 14 dagar, då kom det regn og varme så det ordna seg med beite litt etter litt. Kjyrne var kjempesnille i sommar, dei går fritt både dag og natt. På dagtid hender det dei går ca. 5 km. Før dei snur på heimveg. Dei kom til mjølking kvart mål untatt 2 svert ruskever-kveldar, då laut eg henta dei. Når eg fann dei sto dei med baken mot veret som dei var limde til bakken og eg laut ta på dei før eg fekk kontakt og fekk dei på heimveg. Etter desse åra som budeie har eg lært at skal ein få kjyr som er flinke til å komma heim av seg sjølv må ein byrja med dei som kalv. Ha kalven med på stølen la han fylgia flokken både første sommaren og andre som kvige. Bitt dei inn ein gong kvar dag på bås og gjev dei litt ekstra, så hugsar dei det til dei blir kjyr.

■ Stølslivet er godt men travelt med alle sine gjeremål. Noko forskjell er det om du leverer til meieriet eller tek arbeidet med foredling av mjølka. Felles er at me er på stølen, dyra får vera ute, utmarksresursar blir nytta og kulturlandskapet heldt vi oppe, me gler mange med å ta vare på stølstradisjonane våre. Me lever i ei underleg tid, folk tener pengar som aldri før, men politikarane meiner me betaler for mykje for maten og den må skaffast på ein billegare måte. Sjølv om det ligg mykje tradisjon og idialisme i stølinga, so har folk flest ferie om sommaren, i stølstida. Det å få kjøpa noko på stølen, smør, ost eller rømme er ein stor ting, og kan du knyta ei historie attåt kan du ta deg godt betalt. Folk betaler for produkta på stølen, dei tek nok litt djupare i setleboka i sommarferien.

■ Når eg no ser attende på sumarseongen i år, må eg vel vera fornøgd. Veret var ikkje av det aller beste. Venta på sol og varme kvar dag, var overskya med temperatur + 12-15. Molter var det ikkje og blåbæra var ikkje mogne då me reiste heim 1. september. Men godt fiskever var det og fisk fekk me til glede for oss sjølve og turistane. Ein godt tillaga middag med fjellaure og tjukk støls-romme er selskapsmat av fyrste klasse, Håpar de alle har hatt ein fin og god sommar på stølen. For å lukkast vidare må me ta vare på kvarandre. Takk til kvar einskild av dykk for innsatsen i sommar.

Odd Arne

Skjøtsel av fjellbjørkeskog

I Skandinavia dannar fjellbjørkeskog eit belte mellom barskogen si øvre grense og snaufjellet.

*Av Yngve Rekdal
Norsk inst. for skog og landskap*

Dette beltet kan vera frå 100-200 høgdemeter. Det meste av setrene som framleis er i drift finn vi her. Som i utmark elles har fôrhaustinga gått sterkt attende også i fjellbjørkeskogen. Dette fører til at vegetasjonen er i endring. Skal vi ta vare på kvalitetar i fjellbjørkeskog knytt til beite, oppleveling og biologisk mangfald, må skogen skjøttast.

Attgroing fører til at det som før var lysopne beiteskogar eller snaumark, får ein tett ung skog. Undervegetasjonen endrar seg frå gras og beitetolandne urter til dominans av vier- og høgvaksne urter på rik mark, og meir lyng, dvergbjørk og einer på fattig mark. Tett tresjikt fører til at mindre lys og varme når undervegetasjonen. Dette gjev sterkt redusert planteproduksjon og gjer beitemarka vanskeleg tilgjengeleg for beitedyr.

Attgroing kring setrene har også ein sterk verknad på landskapsbiletet. Ofte ser ein no at bjørkeskogen står som tette, mørke veg-



Det er den rike engbjørkeskogen ein har mest att for å skjøtte. Skogtynning og høgt beitetrykk kan over få somrar gje ein grasrik, god beiteskog.

gar kring setervollane. I det gamle seterlandskapet var nærområda til setrene snau og tresettinga auka etterkvart som ein kom bort frå setervollen. Dette gav terrenget mjuke landskapsliner.

Viktigaste reiskapen for skjøtsel av fjellbjørkeskogen er beitedyr. Dyretal og beitebruk må tilpassast for å gje godt resultat. Beitedyra greier ikkje gjera jobben åleine. Derfor må ein også inn med manuelle tiltak som tynning og rydding. Skjøtselstiltak vil ha ulik

verknad etter kva vegetasjonstype det gjeld. Skal ein få best muleg resultat og forutsjå eventuelle uheldige verknader, er det derfor viktig å ha økologisk kunnskap. Manuelle skjøtselstiltak er ressurskrevande, derfor må innsatsen settast inn der ein får mest att.

Dersom mest muleg beite er målet med skjøtselen, er det areal på den rikaste marka med den gras- og urterike engbjørkeskogen ein har mest att for å skjøtte. Dette av di planteproduksjonen her er fleire gonger så

Framhald på side 7



Norsk Fjellmatsenter ble etablert i desember 2008 og ble offisielt åpna på Norsk Matglede 1-10-2010 på Geilo. NFMS har som mål å styrke fjellregionene og skape nye arbeidsplasser. Vi tror at vi går inn i en tid hvor landbruket i større grad må se fjellet som spiskammer og råvareleverandør.

Norsk Fjellmatsenter skal:


- Butikk med Norsk Fjellmat
- Omsette forskning og formidle kunnskap som kan gi bedre inntjening
- Hjelpe reiselivsaktører med gode fjellmatopplevelinger
- Profilere fjellmatoppleveling og innformere om Norsk Fjellmat
- Drive opplæring og bidra til å ta vare på gammel kunnskap

Norsk Fjellmat er:

- Rein og kortreist mat som interesserer stadig mer kvalitetsbeviste kunder, og kan på flere måter være med på å gjøre opplevingsprodukt mer lønnsomt.

Hvorfor etablere Norsk Fjellmatsenter i Hallingdal?

Det er naturlig å etablere Norsk Fjellmatsenter i Norges største reiselivsregion der også landbruksnæring står sterkt. Hol kommune ønsker Norsk Fjellmatsenter velkommen og har skaffa bra lokaler i Geilo sentrum. Sammen med reiselivsaktører vil Norsk Fjellmatsenter bygge et kulinarisk teater der fjellmaten står i sentrum. Geilo har et offensivt matmiljø med mellom annet matfestivalen Norsk Matglede. Hotell og reiselivsbedrifter sysselsetter over 70 kokker store deler av året. Som nasjonalparklandsby skal Geilo ha tydelig fokus på fjellmat og fjellmatopplevelinger. I tillegg ligger Geilo sentralt plassert i sør-norge med togskinner både mot øst og vest. Alt ligger til rette for å skape en møteplass som kan bidra til gode fjellmatopplevelinger både i hverdag og til fest-for folk flest. Og fra representanter for Norsk Fjellmatsenter blir det uttrykt stor interesse for det mangfold av produkter som setrene har å by på.



Bjørn Karsten Ulberg utvikler setertunet til å bli noe riktig stort og flott.

Satser millioner på seterdrift

Bjørn Karsten Ulberg i Sigdal satser millioner kroner på å bygge ut setra for melkeproduksjon, servering og turisme.

Ulberg har allerede brukt over fire millioner kroner og har fått med Innovasjon Norge på laget. Den lokale styringsgruppen for Trilemarkafondet viste ham tommelen ned og

nekket ham investeringstilskudd, og det liker han dårlig.

– Setra vår på Grøset er selve hovedportalen til den vernede Trilemarka og jeg finner det underlig at fondsmidler ikke kunne brukes til dette, sier han.

Svele og rømmegrøt

Ulberg er ingen fersking i utradisjonell satring på landbruket. I fjor og i år har dørene likevel nærmest vært stengt for turister. Ul-


berg bygger og utvikler setertunet til å bli noe riktig stort og flott.

– Før vi startet utbyggingen hadde vi 2.300 serveringer om sommeren og med de tiltakene vi gjør nå bør dette øke, mener han.

Torgrim Sneve Guttormsen og Martin Guttormsen Slørdal med sine tre barn fra Oslo holder til i en hytte like ved setra. Selv om det ikke er åpent for publikum nå, slipper de inn grinda og får lage sine egne sveler



Med riktig stell vokser kalvene seg store og sterke, det samme vil Bjørn at tunet skal gjøre.



Bjørn Karsten Ulberg

på den vedfyrte takka.

– Bedre svele enn dette får du ikke, sier Martin Guttormsen Slørdal og slenger en øse til på takka før hele gjengen går og hilser på dyrene.

Munn til munn

Bjørn Karsten Ulberg har så langt ikke brukt fem øre på markedsføring, og har heller ingen planer om å gjøre det.

– Folk snakker med hverandre og jeg har inntrykk av at munn til munn metoden fungerer veldig bra, sier han.

Omkring seg har han flere hytter og bruker av disse hyttene, deres venner og familie har sørget for publikumstilstrømningen. Ulberg har også hatt flere celebre gjester som har gått i «hi» hos ham for å komme vekk fra stress, mas og mediekjør.


– Hvem dette er forblir min hemmelighet, sier han.

Hele buskapen

Hans to eldste sønner Kristian (21) og Hans Tore (23) tar gjerne et fjøsstell for å avløse faren når det trengs. Morgen og kveld er det 24 kyr som skal melkes, fem kalver og tre kopplam som skal føres. I tillegg går alle ungdyrene på utmarksbeite i nærheten av setra og de kommer gjerne innom av og til for å få en porsjon kraftfør.

– Det er viktig at dyra bruker utmarka. De er kulturlandskaparbeidere av beste sort og holder stier og omgivelser åpne. Jeg hadde også geiter, men dem tok gaupa knekken på, forteller seterbonden som neste sommer igjen åpner grinda til setertunet på vidt gap med rømmegrøt og svele øverst på menyen.

*Tekst/Foto: Stig Odenrud
E-post: stig.odenrud@dt.no*



Torgrim Snee Guttormsen (t.v.), Ylva Buer Guttormsen og Martin Guttormsen Slørdal får ikke bedre svele enn dem de lager selv.



Bjørn Karsen Ulberg (t.v.), Martin Guttormsen Slørdal med datteren Karlogna på armen og Ylva Buer Guttormsen (12) trives godt blant kyrne på Grøset seter.

Unik turbok: 70 sætreturar på Sunnmøre



Ysting på Holestølen i Sunnylven. Jentene rører i brunostgrytene, ferdig kvitost i stolen til venstre.

Med boka ”70 sætreturar på Sunnmøre” har Sissel Brunstad og John Roald Pettersen gjeve oss ei annleis seterbok! Gjennom grundig omtale av i alt 120 setre, skildring av vegar og råser og kart har dette vorte ei svært nyttig bok for den som ynskjer å ferdast i seterlandskapet – og kanskje kan boka vera modell for bøker i andre område.

- Forfattarane har altså valt ut 70 turar til

meir enn 120 setre – frå strandsetrene ytst mot havet til dei store fjellsetrene inst i fjordane. Dei fleste er familievennlege turar i lett terren. Andre må du anstrengne deg litt meir for å nå. For kvar seter får ein forslag til andre turar ein kan ta i området. Såleis er det også ei annleis turbok. Ho knyter tuopplevinga saman med innsikt og kunnskap om den spennande kulturhistoria setrene er ein

del av, med geit og kyr, ysting og kinning, budeier og friarar.

Boka gjev og ei generell innføring i seterlandskapet og seterdrifta på Sunnmøre. –” Sætrelandskapet på Sunnmøre er ei uendelig kjelde til fine tuopplevingar og rekreasjon. Sætrane ligg ofte på dei finaste stadane fremst framme eller lengst inne i ein fjell-

Namnestikker - namnespildrar

Frå Lars Steinars Ansnes har vi fått spørsmål om skikken med namnestikker eller namnespildrar.

Ansnes er redaktør i Aura Avis på Sunndalsøra, men er engasjert i eit seterbok-prosjekt på fritida. Boka skal handle om setrene og kulturlandskapet i området Kvenndalen/Kvennbøtæla, i nordvestre del av Trollheimen i Surnadal kommune på Nordmøre.

Ansnes fortel at ”på våre trakter har vi noko som kallast namnestikker eller namnespildrar. Dette er små treskykke, ofte kunstferdig laga, som seterfolk og besøkande la att som ”visittkort” på setra.

På namnestikkja var namn, dato, årstal og i enkelte tilfelle andre småopplysningar skrewe. Blyant vart bruka, men mange nyttja også kniv til å skjere/ripe inn bokstavar og tal. Namnestikkja vart festa til veggen i skjelet med ein stift eller spikar.



Spørsmålet er, finst denne skikken andre stader? Ansnes har sjekka i Valdres og nokre stader i Gudbrandsdalen, utan å treffenokon som veit om noko liknande og kva

dette er. Og no bringar vi gjerne spørsmåla om dette vidare til Seterbrukaren sine lesearar.

dal. Dei legg helst på ein tørr og fin haug og mest mogeleg i ly for snø- og steinras. Alltid ligg dei i nærleiken av ein bekk, vatn eller elv, og alltid er dei plasserte der utsikta ein gong var best. Sæterhusa, "sela" som vi seier på Sunnmøre, hadde ein karakteristisk arkitektur og låg i harmoniske klyngjer. Dei eldste og høgstliggende sela er ofte laga av naturstein, dei andre er lafta. Ingenting av dette er tilfeldig. For få år sidan henta gardane meir enn 1/3 av den årlege inntekta si frå sætrane og utmarka. Difor la dei så stor vekt på korleis og kvar sætrane låg. Fram til 1940-50-åra var sætredrifta ein livsnerv for bygdene. I våre dagar vandrar vi mellom spor som husdyra, sætretausene, gjætarane, slåttekarane, rakstedeiene la etter seg. Fara etter dei ser vi også i dei mange råsene, sætrevollane og steingardane. Vi ser dei i falleferdige sel og fjøsar, i neverkrullar frå eit gammalt tak, i eit potteskår, ei rusta mjølkebøtte og ei trappehelle. Kanskje kjenner vi nokre av dei mange stadnamna og gjerne ei bjørne- eller huldrehistorie attpå. Alle har dei si soge og sin plass i kultur- og landbruksistoria. Ein plass i vår eiga historie."



Framhald frå side 3

høg som i den fattigare blåbærbjørkeskogen, attåt at ein her finn meir verdfulle beiteplanter. Sterk tynning på fattig mark kan føre til ein tørrare skogbotn. Saman med sterkeiting kan da den uønska grasarten finskjegg breie seg og gje eit dårlegare beitepunkt.

Tynning i skog slepp ned meir lys og varme til undervegetasjonen. I tillegg til sterke auke i planteproduksjon gjev auka lystilgang meir sukkerinhald i plantene og dermed større smaklegheit. Beitedyr vil derfor foretrekkje slike areal, og dette kan såleis ha ein samlande verknad på dyra. For den som ønskjer å halde dyra nærist muleg setra kan skogtynning vera eit godt tiltak.

Dersom dyra går fritt på utmarksbeite og det er lite dyr i området, kan beitetrykket bli alfor lite til å halde nærområda til setra opne. Gjerding gjev betre kontroll med beitetrykk og kan vera eit godt tiltak dersom ein har frodig skog inn til setra. Det kan også spare travle budeier for leiting etter dyr. Høgt beitetrykk vil vera heilt nødvendig der-

Det er eit mangfaldig rutenett i eit svært variert landskap boka legg til rette for oss. Turen er godt beskrevne, og både dei spesielle sogene og tradisjonane knytt til kvar seter og den generelle kunnskapen boka formidlar, vil gje dei som vandrar i det sunnmørske seterlandskapet mange fine opplevelinger.

Laurdagskveld til støls

Sommarminne 1926

No sol seglar for lette vind
Om blåe fjell.
Og dimma legg seg om nut og tind
Og skuggar fell.
I fossen kastar seg nykk og draugen,
Eg høyrer låt i frå Trollehaugen.
No syng dei glad
Eit huldrekvad.

Ein høyrer lurlåt og bjølleklang
Høgt opp i li.
Sjå bjølleku går fremst i rang
Der fram dei skrid.
Og jenta lokkar og syng og kallar,
Der nedpå vangen så vent ho trallar
Som ljuvleg lått
Ein brueslått.

Der bort på stølen dei blæs i lur
Så ljomen fell
I haug og hamrar og berg og ur
Opp under fjell.
Dei læt og luskar i lyng og lundar
Der huldrekallen om kvelden stundar.
Då smyg han ut
Or Høgenut.

Petter S. Dyrkorn

Frå boka "70 sætreturar på Sunnmøre"


som ein skal opne opp att eit område som er attgrodd. Da må ein presse dyra slik at uønska urter og lauvoppslag blir trengt tilbake. Tidleg slepp er viktig skal ein oppnå dette. God nedbeiting tidleg gjev næringsrik nygroe i beitet og gjer at kvaliteten held seg

betre utover sommaren. No til dags er det veldig vanleg å sjå at buføringa til seters kjem for seint til å nytte den mest næringsrike delen av planteprodusjoenen i utmarka. Seint slepp gjev også dårlegare skjøtselsefekt.



Opplevinga av setra blir heilt endra når skogen rundt blir opna. Kring Movollen i Vingelen i Tolga er skogen tynna med svært vellukka resultat både for oppleving og beitekvalitet.

Returadresse:
Norsk seterkultur
6214 Norddal



Bli medlem i Norsk seterkultur

Medlemskontingent 2011

Aktiv seterbrukar	kr. 400,-
Støttemedlem/abonnement på	kr. 300,-
Seterbrukaren	kr. 600,-
Organisasjon/institusjon	

Ja, eg vil bli medlem

Aktiv seterbrukar
 Organisasjon/institusjon
 Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169

Norsk Seterkultur



Mange av våre produkter
har rot i stølskulturen
og vi støttar
Norsk Seterkultur
i arbeidet
for denne driftsforma



Holdbare kyr med

Pluss Multitilskudd storfe og geit
Pellets eller pulver



Høg produksjon, god fruktbarhet
og god helse sikres ved bruk av
Pluss Multitilskudd. Gi alltid
multitilskudd når dyra får mindre
enn 3 kilo kraftfôr eller ved bruk
av alternative førmidler.

Pluss